



Fylkesmannen i Rogaland

Rapport frå tilsyn med samfunnstryggleik og beredskap i Hjelmeland kommune 22. mai 2013

Kommunens adresse: Hjelmeland kommune, Vågen, 4130 Hjelmeland
Tidsrom for tilsynet: 2013
Kontaktperson i kommunen: Sigve Hia

Samandrag

Tilsynet blei gjennomført med heimel i lov 26. juni 2010 om kommunal beredskapsplikt, sivile beskyttelsestiltak og Sivilforsvaret (sivilbeskyttelsesloven) § 29 og forskrift 22. august 2011 om kommunal beredskapsplikt § 10.

Tema for tilsynet var Hjelmeland kommune si oppfylling av beredskapspliktene etter §§ 14 og 15 i sivilbeskyttelseslova og forskrift om kommunal beredskapsplikt.

Tilsynet avdekket to avvik:

Avvik 1

Kommunen sin heilskaplege risiko- og sårbarheitsanalyse oppfyller ikkje krava i lov og forskrift.

Avvik 2

Kommunen sin overordna beredskapsplan oppfyller ikkje krava i lov og forskrift.

Merknad

ROS-analysen har krav til dokumentasjon som ikkje er tatt med i analysen.

Stavanger 23. september 2013

Rapporten er laga av:

Reidar Johnsen
revisjonsleiar

Grete Flåten
revisor

Innhald

Samandrag	1
1. Bakgrunn for tilsynet	3
2. Rammer for tilsynet	3
3. Hovudinstrykk	3
4. Resultat frå tilsynet	4
5. Grunnlagsdokument	5
6. Deltakarar ved tilsynet	6

1. Bakgrunn for tilsynet

Tilsynet er gjennomført med heimel i lov 26. juni 2010 om kommunal beredskapsplikt, sivilbeskyttelse og Sivilforsvaret (sivilbeskyttelseslova) § 29 og forskrift 22. august 2011 om kommunal beredskapsplikt § 10.

Tema for tilsynet var Hjelmeland kommune si oppfylging av beredskapspliktene etter §§ 14 og 15 i sivilbeskyttelseslova og forskrift om kommunal beredskapsplikt. Vi ville undersøke om kommunen i tråd med krava i lov og forskrift hadde:

- ein heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse)
- lagt ROS-analysen til grunn for arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap i kommunen og for utarbeiding av planar etter plan- og bygningslova
- ein overordna beredskapsplan.

2. Rammer for tilsynet

Tilsynet er gjennomført etter prinsippa for systemretta tilsyn. Skriftleg revisjonsvarsel blei sendt 18. februar 2013. Fylkesmannen har granska relevant dokumentasjon på førehand. På tilsynsdagen hadde Fylkesmannen opningsmøte, intervju med sentrale personar i kommunen og sluttmøte.

Denne rapporten handlar om avvik og merknader som er avdekka under revisjonen. Avvik er manglande etterleving av krav fastsette i føresegnene om kommunal beredskapsplikt i sivilbeskyttelseslova og/eller i forskrift til kommunal beredskapsplikt. Merknad er funn det er grunn til å peike på for å sikre forbetring i oppfølging av føresegnene i beredskapsplikta.

Vi gjer merksam på at tilsynet ikkje gir ei fullstendig vurdering av kommunen sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap.

3. Hovudinstrykk

Hjelmeland kommune ligg i Ryfylke-regionen og har omlag 2800 innbyggjarar. Det er den nest største kommunen i Rogaland i areal med 1092 kvadratkilometer. Ein fjerdedel av kommunen er landskapsvernområde eller naturreservat.

Dei viktigaste næringane er havbruk, landbruk, sand- og steinuttak, reiseliv og turisme. Over 1000 hytter gjer folketalet mykje høgare i helger og feriar. Kommunen er ein stor kraftkommune og får gode kraftinntekter. Dei fleste vassdraga er regulerte og mindre utsette for flaum enn om dei var uregulerte. Ei nøkkelverksemd i kommunen er Marine Harvest. Det er eit oppdretts- og foredlingsanlegg for laks og kveite som stiller høge krav til vasskvalitet frå den kommunale vassforsyninga.

Når det gjeld risikopotensiale i kommunen vil vi trekkje fram risiko knytt til naturen som ras og flaum, lang kystlinje og mange dammar. RV13 går gjennom kommunen. Store deler av denne vegen er smal og utsett for ras. Straumforsyninga til kommunen er sårbar fordi det berre er ei overføringslinje til store deler av kommunen.

Kommunen har laga ein ny heilskapleg ROS-analyse etter sivilbeskyttelseslova i 2012. Som i mange små kommunar ser vi det er avgrensa med ressursar sett av til konkret samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeid. Dette gjer kommunen sårbar når det gjeld oppfølging av beredskapsarbeidet.

4. Resultat frå tilsynet

Følgjande avvik blei avdekkja under tilsynet med Hjelmeland kommune:

Avvik 1:

Kommunen sin heilskaplege risiko- og sårbarheitsanalyse oppfyller ikkje krava i lov og forskrift.

Avvik frå følgjande lov- og forskriftskrav:

Sivilbeskyttelseslova § 14

Forskrift om kommunal beredskapsplikt §§ 2, 3 og 9.

Utfyllande kommentarar:

- Det kjem ikkje fram i analysen at framtidige risikofaktorar er analysert. Dette er mellom anna faktorar som klimaendringar og endringar i infrastruktur og demografi.
- Analysen har ikkje gått godt nok inn på korleis dei ulike risikofaktorar påverkar kvarandre.
- Det kjem ikkje fram i analysen om det er risiko utanfor kommunen som kan påverke kommunen.
- Behovet for evakuering og befolkningsvarsling er ikkje omhandla i analysen.

Avvik 2:

Overordna beredskapsplan oppfyller ikkje krava i lov og forskrift.

Avvik frå følgjande lov- og forskriftskrav:

Sivilbeskyttelseslova § 15

Forskrift om kommunal beredskapsplikt §§ 4-9.

Utfyllande kommentarar:

- Beredskapsplanen er ikkje ferdig. Planen har ikkje dato for sist revisjon.
- Beredskapsplanen byggjer ikkje godt nok på den heilskaplege ROS-analysen. Det må gå fram av planen korleis kommunen skal handtere dei viktigaste hendingane som ikkje kan førebyggjast.
- Plan for kommunen si kriseleiing, det vil seie oppgåver, roller og ansvar, må vere meir tydeleg og utfyllande. Det må gå fram kven som er med i støtteapparatet rundt kriseleiinga. I tillegg må alle varapersonar ut frå planen vite kva roller dei har.
- Ressursoversikta er ikkje fullstendig. Dei eigne ressursane til kommunen er ikkje tatt med. Det går ikkje fram om oversikta er basert på eventuelle hendingar skissert i ROS-analysen.

- Evakueringsplanen er ikkje fullstendig. Det må mellom anna gå fram kven kommunen vil sette til å gjere dei enkelte evakueringsoppgåvene, korleis oppgåvene skal løysast og informasjon om evakueringsstader. ROS-analysen skal seie noko om kva situasjonar det må settast i verk evakuering og beredskapsplanen skal seie korleis dette skal gjerast.
- Det er ikkje tatt med plan for befolkningsvarsling i beredskapsplanen. Korleis vil til dømes kommunen informere eller varsle innbyggjarane viss straumen er borte? Det må og gå fram av informasjonsplanen kven som har ansvar for og skal gjere dei ulike informasjonsoppgåvene.

Merknad:

ROS-analysen har krav til dokumentasjon som ikkje er tatt med i analysen.

Utfyllande kommentarar:

Det går ikkje fram av sjølve ROS-analysen at den er behandla av kommunestyret. Ei heller korleis prosessen for utarbeiding var, både med interne deltakarar og involvering av relevante private og offentlige aktørar. Fylkesmannen saknar og ei omtale av kva status den heilskaplege ROS-analysen har i forhold til andre ROS-analysar i kommunen. Noko av dette står i andre dokument, men må samlast i ROS-analysen for at informasjonen ikkje skal forsvinne.

Sjølv om kommunen har ein heilskapleg ROS-analyse og beredskapsplan har ikkje Fylkesmannen gått inn på § 3 i forskrifta om heilskapleg og systematisk samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeid. Dette arbeidet skal vere dokumentert forankra i den heilskaplege ROS-analysen. Fylkesmannen har heller ikkje vurdert øvingar, opplæring og evaluering av uønska hendingar i tilsynet.

5. Grunnlagsdokument

Oversikt over dokument som vart nytta under tilsynet:

- Risiko og sårbarheitsanalyse for Hjelmeland kommune 2012 - 2016
- Hjelmeland kommune. Beredskapsplanverk 2013 - 2017 (udatert)
- Oversendingsbrev frå Hjelmeland kommune til Fylkesmannen av 29. april 2013
- Organisasjonskart av 2. oktober 2012
- Hjelmeland kommune. Kommuneplan, samfunns- og arealdel, 2011- 2023
- Hjelmeland kommune. Planstrategi 2012 - 2016
- Rapport etter gjennomgang av system for samfunnstryggleik og beredskap i Hjelmeland 19. mai 2008

6. Deltakarar ved tilsynet

I tabellen under er det gitt ei oversikt over deltakarar på opningsmøte, intervju og sluttmøte.

Navn	Funksjon /stilling	Opningsmøte	Intervju	Sluttmøte
Trine Danielsen	ordfører	X	X	X
Sigve Hia	kst. rådmann/ beredskapskoordinator	X	X	X
Else Marie Førre	informasjonsrådgivar	X	X	X
Svanhild Hjorteland Gbada	arealplanleggjar	X	X	X
Kristian Hausken	kommunalsjef omsorg/levekår	X		

Frå Fylkesmannen i Rogaland deltok:

- Reidar Johnsen, revisjonsleiar/fylkesberedskapssjef
- Grete Flåten, revisor/seniorrådgivar